

VOLDA / ØRSTA REINHALDSVERK

ÅRSMELDING OG REKNESKAP FOR ÅRET 1990

ÅRSMELDING FOR 1990 FOR VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

- 1.0. Organisasjon og administrasjon.
- 2.0. Drifta i 1990.
- 2.1. Bemanningsplan.
- 2.2. Innsamlinga og transportmateriell.
- 2.3. Drifta av Miljøstasjonen.
 - 2.3.1. Akkumulatorbatteri.
 - 2.3.2. Småbatteri.
 - 2.3.3. Kvitevarer.
 - 2.3.4. Glas.
 - 2.3.5. Metall til gjenvinning.
 - 2.3.6. Grovavfall.
 - 2.3.7. Papp og papir.
 - 2.3.8. Spesialavfall.
- 3.0. Slam.
- 4.0. Grovavfallsfylling.
- 5.0. Avgiftsstruktur.
- 6.0. Rekneskapen for 1990.

1.0. ORGANISASJON OG ADMINISTRASJON.

Volda/Ørsta Reinhaldsverk er eit interkommunalt selskap, skipa av kommunane Volda og Ørsta, som eig selskapet med like delar kvar. Selskapet er organisert og administrert i høve til gjeldande vedtekter. Frå 1. januar 1989 overtok selskapet ansvaret for drifta av renovasjonen, medan Volda Kommune framleis hadde arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette. Frå 1. januar 1990 overtok VØR også arbeidsgjevaransvaret. Voldaregnskap AS har stått føre rekneskaps- og lønsarbeidet. Rekneskapen er revidert av Distriktsrevisjonen for Vanylven, Sande og Volda.

2.0. DRIFTA I 1990.

2.1. Bemanningsplan.

I 1990 har VØR hatt 11 tilsette. Desse er fordelt på 3 sjåførar, 6 innsamlarar (herav 2 vikarsjåførar), 1 driftsoperatør ved stasjonen (også delvis ute på innsamling) og driftsleiari.

Driftsleiaren har vore sjukmeld det meste av 2. halvår. Rekneskapskontoret har i den samanheng utført ein del av driftsleiaren sine oppgåver, og på den måten har dagleg drift gått som planlagt.

Ein har i 1989-90 vore inne i ein hektisk fase med innkøyring av Miljøstasjonen, utviding av renovasjonsområdet og iverksetjing av nye tenester.

Det er grunn til å gje honnør til dei tilsette for god innsats.

For å kunne fungere i eigen regi under sjukdom og betre kunne ta hand om utvida drift / sakshandsaming, nemnde nye tenester og dei nye oppgåvene ein ser framføre seg med slamtøming/-handsaming, grovavfallsdepot, papirmottak, kjeldesortering mm, har styret starta arbeidet med gjennomgang av rutinar og organisasjonsplan; Eit arbeid ein reknar med å slutføre sommaren 1991.

2.2. Innsamlinga og transportmateriell.

Som nemnt under bemanningsplanen er det 3 sjåførar og 6 mann på innsamling. Renovasjonsområdet vart i 1990 utvida med Velsvik, Øye og Urke, slik at det no står att strekninga Festøy - Standal.

Det vart også i år kjøpt inn ein ny renovasjonsbil. Dette er ein Scania P93 med Norba komprimator på 13,5 m³.

VØR har med dette fått ein god bilpark beståande av 2 nye bilar (89- og 90 modellar) og 2 eldre bilar for innsamling av avfall, samt 1 containerbil. Dei faste rutinane på innsamlinga fungerar no svært godt. Det er ei god samordning av bilanes ruter, og sjølv om at ein i 89/90 har utvida renovasjonsområdet med ca. 750 nye abonnentar, mesteparten av desse i utkantstrokk, har det ikkje vore naudsynt med auke av mannskapet.

2.3. Drifta av Miljøstasjonen.

Drifta i 1990 er det første heile driftsåret ved Miljøstasjonen, og ein har difor fått ei betre oversikt over mengder avfall innan dei einskilde avfallsgrupper, økonomi og naudsynte justeringar av rutiner mm for å få til den mest optimale drifta.

Rutinene ved stasjonen er tilpassa dei avfallsgrupper som til ei kvar tid kjem inn.

Kapasiteten ved komprimeringa er som forventa, og ein del forbedringar av anlegget er utført etter kvart som det har vist seg nødvendig.

Mengda av levert brennbart avfall ved stasjonen er langt lågare enn det ein hadde venta på grunnlag av tidlegare registreringar av levert forretnings-avfall til anlegget i Alida.

Årsaken til dette er i hovudsak dumping på ikkje godkjende fyllplassar og i naturen, samt ulovleg brenning i det fri, og at noko går til resirkulering. Dette for å spare kostnader ved å måtte levere til stasjonen.

Denne svikten er vesentleg og har ført til svikt i inntektene på forretningsavfall, noko som har vore medverkande til auke i renovasjonsavgiftene for 1991.

Det er å vone at dette kan rette seg når ein får stoppa denne ulovlege handteringen av avfall, som har ei svært uheldig miljømessig side og.

2.3.1. Akkumulatorbatteri.

Ein har i fleire år motteke akkumulatorar for mellomlagring og vidare-sending.

I 1990 tok VØR imot 30 tonn og sidan 1987 har vi teke imot tilsaman 85 tonn akkumulatorar som, ialle fall for ein del, elles ville ha hamna i naturen.

2.3.2. Småbatteri.

Desse vert samla inn av Batteriinnsamlinga Midt-Norge ved at batteriboksar er utplasserte rundt om i butikkar i området. Reinholdsverket dekkjer Volda og Ørsta sine kostnader for denne innsamlinga (kr. 55.500,- i 1990). VØR vurderer å utføre denne oppgåva sjølvé då det synest urasjonelt at eit firma køyrer rundt og samlar inn desse småslumpane når VØR sine bilar likevel gjer runden 1 gong i veka.

2.3.3. Kvitevarer.

VØR har i 1990 motteke over 500 m³ av frysarar, kjøleskap og komfyrar for mellomlagring og vidaretransport.

2.3.4. Glas.

I tillegg til at glas kan leverast på Miljøstasjonen kan glas leverast i igloar på fylgjande sentrale plassar i Volda og Ørsta kommunar: Volda Sentrum, Fyrde i Austefjorden, Folkestadbygd, Lauvstad, Ørsta Sentrum, Sæbø, Søre Vartdal og Barstadvik.

Denne ordninga kom i drift våren 1990.

I 1990 vart det samla inn 30 tonn glas. Det bør satsast endå meir på innsamling av glas frå hushaldningane, slik at tilbodet vert om lag likt same kvar i kommunane ein er busett.

Folk har vorte svært medvitne til sortering av glaset, og dette er ein viktig føresetnad for at tiltaket skal fungere.

Innsamla glas går til Vest Miljø på Hareid som knuser og lagrar glaset då mottaket i Noreg har vore sprengt ei tid.

2.3.5. Metall til gjenvinning.

Mindre mengder metall til gjenvinning har vore levert til Miljøstasjonen. Vartdal Gjenvinning AS har teke seg av vidaretransport av dette.

2.3.6. Grovavfall.

Reinhaldsverket har idag prekær mangel på fyllplass for grovavfall. I Ørsta vert Åmbøhola nytta og VØR tek imot ein del grovavfall på den gamle plassen i Alida. Det er grunn til å tru at relativt store mengdar grovavfall vert deponert på ikkje godkjende plassar.

Reinhaldsverket har difor prioritert arbeidet med ny grovavfallspllass, sjå kap. 4.0.

2.3.7. Papp og papir.

Ein stor del av bølgepapp o.l. frå forretningar og industri vert henta av Pappemballasje i Sykkylven.

Reinhaldsverket har i 1990 teke imot mindre mengder papir til gjenvinning. Vidare har ein transportert papir for lag og organisasjonar til Ålesund og Sykkylven.

Motteke og transportert papir utgjorde i 1990 til saman ca. 75 tonn, som er 12 - 14% av den totale mengda i Volda og Ørsta.

2.3.8. Spesialavfall.

I 1990 vart mottaket for spesialavfall opna. Dette er eit godkjendt mottak for mellomlagring av spesialavfall. Når det gjeld vidaretransport, har ein gjordt avtale med Vest Miljø på Hareid.

På ettersommaren 1990 gjekk vi ut med ein omfattande annonsekampanje om kva spesialavfall vi tek imot, og at leveringa, i alle fall første året, var gratis for hushaldningar. Responsen har imidlertid vore därleg og vi har motteke heller små mengder til no.

Vi vurderer ein ny annonsekampanje, samt også ei ordning for mottak av mindre mengder på innsamlingsbilane.

Vi ser det som viktig å få folk til å leve spesialavfallet sitt. Rundt om i heimane er dette ofte små mengder som lett vert "sette vekk" eller forsvinn i naturen. Dei totale mengdene er likevel så store at dei må inn i eit kontrollert system for gjenvinning/destruksjon.

3.0. SLAM.

Etter vedtekten skal Reinhaldsverket ta hand om septikslam. Eit godkjend system/depot for slam finnst ikkje hverken i Volda eller Ørsta. Reinhaldsverket har difor prioritert å få istand eit system for slamhandsaming.

Etter omfattande utgreiingar valde Reinhaldsverket å satse på mobil avvatning med mellomlagring av avvatna slam i Alida. Saka vart sendt over til kommunane for vedtak etter forureiningslova.

Kommunane gjorde vedtak om tvungen slamtøming og ba Reinhaldsverket utarbeide forslag til avgifter og føresegner.

Det har vore arbeidd vidare med avgifter (basert m.a. på tilbod på tøming

og avvatning) og føresegner. Mellomlagringsplassen er klarert for føremålet, og utsleppsløyve er under handsaming hos Fylkesmannen. Ein reknar med at saka om avgifter, føresegner og finansiering vert oversendt kommunane på forsommaren 1991.

Opparbeidning av mellomlagringsplassen er med på budsjettet for 1991, og med vedtak i kommunane på ettersommaren, kan ein kome igang med slamordninga i 1991.

4.0. GROVAVFALLSFYLLING.

Som nemnt under kap. 2.3.6. er det ei svært viktig oppgåve å få i stand ein godkjent grovavfallfyllplass. Volda kommune har regulert eit område for formålet i Alida.

Opparbeidninga av fyllplassen er kalkulert og summen er tatt med i budsjettet for 1991. Det er søkt om tilskot og lån frå Kommunalbanken til anlegget, og vi er frå fylket si side ført opp på prioritert plass.

Det er søkt om utsleppsløyve og ein arbeider med avtalar med grunneigar og Nautvik Knuseverk AS som disponerer steinmassene i området.

5.0. AVGIFTER.

Vi har fått eit nytt og moderne renovasjonssystem som tek hand om dei fleste avfallstyper.

For å påvirke folk til å leve rike brukte batteri/akkumulatorar, kvitevarer og spesialavfall til Reinhaldsverket og ikkje dumpe dei i naturen, har ein valt å ta mot dette gratis (kostnaden er lagt inn i renovasjonsavgiftene elles).

Ovanfor nemnde, og i tillegg ei naudsynt fornying av transportmateriell, har ført til at vi ligg høgt avgiftsmessig.

Det er også rett å nemne at utgreiingskostnadene for noverande renovasjonssystem, nye tenester og nye innsatsområde som slam og grovavfell vert belasta Reinhaldsverket sitt budsjett og må difor dekkjast av avgiftene.

For Reinhaldsverket er det gjennom mest mogleg optimal drift ei målsetjing å halde avgiftene på eit rimeleg nivå og at nye tenester skal vere sjølvfinansierande der ein finn dette føremålstenleg.

6.0 REKNESKAPEN FOR 1990.

Rekneskapen for 1990 er gjort opp med eit driftsunderskot på kr. 331.748,25. Det var budsjettet med eit lån frå Kommunalbanken på kr. 75.000,-. Av omsyn til at ein skal finansiere ny grovavfallsplass og slambehandling i 1991, fant styret å utsette dette for å få alt med på ein gong ved handsaming i dei styrande organ i Volda og Ørsta kommunar. Underskotet for 1990 kan difor seiast å vere kr. 256.748,25, medan det opphavelege budsjettet gjekk i balanse, og det reviderte budsjettet skulle gje eit overskot på kr. 24.200,-.

Det opphavelege budsjettet vart utarbeidd så tidleg at ein nok ikkje hadde tilrekkeleg oversyn over kostnadsbiletet med vanleg drift, slik at det har vore nødvendig å justere opp budsjettet seinare.

Det er særleg på inntektssida det har svikta i 1990. Inntektene på forret-

ningsavfall har svikta med kr. 255.167,32 i høve til budsjett. Det er styret si oppfatning at budsjettert volum er varsamt vurdert, men at svært store mengder avfall vert dumpa/destruert på ulovleg vis, jfr. punkt 2.3. Dersom dette ikkje vert løyst, må tenestene til VØR reduserast monaleg, eller dei øvrige avgiftene må høgdast.

Einskildpostar som bør kommenterast:

Vedlikehald av transportmidlar, kostnad kr. 277.050,79, opphaveleg budsjett kr. 100.000,-, justert budsjett kr. 200.000,-. Dette syner vanskeligheita med å spå om framtida. Opphaveleg budsjett var klårt for lågt, medan ein har grunn til å tru at revidert budsjett, kr. 200.000,-, skulle vere tilrekkeleg. Men det er så kostesamt å reparere laste-/komprimatorbilar idag, at om ein får havari utanom det som er venta, sprekk prognosane. Så hende i 1990.

Lønskostnadane vart omlag som budsjettert i revidert budsjett, med ei overskriding på kr. 9.458,-. I dette talet er det tatt omsyn til refunderte sjukepengar og innleige av administrativ hjelp frå rekneskapskontoret. Ein kan nemne at innleige av administrativ hjelp kosta kr. 36.180,- medan refunderte sjukepengar for driftsleiar utgjer langt over dette.

Revisjon og administrativ hjelp, kr. 123.873,-, overskriding kr. 33.873,-. Denne posten innehold kr. 10.000,- til Distriktsrevisjonen for 1989, kr. 7.858,- til Volda kommune for lønskøyring 1989 og kr. 40.000,- til Volda kommune for administrativ hjelp 1. halvår 1989. Resten, kr. 66.015,-, gjeld honorar til rekneskapskontoret. Derav gjeld kr. 29.835,- rekneskapsføring og køyring av løn, medan kr. 36.180,- gjeld administrativ hjelp. Det var ikkje budsjettert at ein skulle betale noko til Volda kommune for administrativ hjelp for 1989, og dersom ein skal betale noko, kan det ikkje vere tale om ein så høg sum som kr. 40.000,-. Ein har bede Volda kommune om at posten vert stroke eller i alle høve minskar.

Rentekostnader, kr. 812.920,43 mot budsjettert kr. 776.500,-. Årsaken til dette er i hovudsak at Volda kommune hadde betalt ein rentetermin for VØR i 1989 som ein ikkje hadde oversyn over, og som er belasta VØR i 1990.

Det har til tider vore vanskeleg å halde oversyn over mellomvære med kommunane, men ein reknar med at dette no er under full kontroll, og alt er no gjort opp.

Til slutt må ein nemne at ein no har eit udekka underskot på kr. 354.362,79. Dette må dekkast inn i 1991 og 1992. Det er svært viktig at ein tek omsyn til dette ved budsjettering og drift for komande år. Ein må vurdere både inntekter og kostnadar nøye, og ein kan ikkje tillate seg fleire år med underskot, utan at framtidig dekning er avklåra.

Hovdebygda, den 24. mai 1991

Lars Petter Øye
Lars Petter Øye
formann i styret

DEBET		KREDIT	
1/1 19 Saldo(undersk. i kapital)		1/1 19 90 Saldo (kapital)	1.167.783,56 ✓
Debetposter i året :		Kreditposter i året:	
Salg av fast eiendom		Aktivering av fast eiendom	131.236,68 ✓
Nedskrivning av fast eiendom		Oppskrivning av fast eiendom	
Avskrivning av maskiner og transpm.	93.750,00	Aktivering av maskiner og transpo.	744.789,55 ✓
Salg av aksjer		Kjøp av aksjer	
Nedskrivning av aksjer		Oppskrivning av aksjer	
Avdrag på utlån		Utlån	
Avskrivning på utlån		Tilbakeforing på lån av fondsmidl.	
Lån av fondsmidler		Tilbakeforing på lån av kont.beh. .	
Lån av kontantbeholdning		Avsetning til kontantbeholdning..	
Overføring fra kontantbeholdning ...		Avdrag på eksterne lån	93.750,00 ✓
Bruk av lånemidler fra eksterne lån... .	1.000.000,00		
31/12 19 90 Balanse (kapital) ...	1.043.809,79	31/12 19 Balanse (undersk. i kapital)	
Kr.	✓ 2.137.559,79	Kr.	2.137.559,79 ✓

Hovdebygda den 24.05.1991

Leif Rønning
Knut Bærum

Ven H. M. -

HOVEDOVERSIKT REKNESKAP 1990 FOR VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK - UTSKRIVEN 24/05/91

SIDE:

KONTO	UTGIFTER	INNTEKTER	RESULTAT
38.00.	TOTALE UTGIFTER OG INNTEKTER		
38.00.0	LØNSUTGIFTER	2.372.087,19	2.372.087,19
38.00.1	KJØP/VEDL. ANLEGG OG UTSTYR	950.795,59	950.795,59
38.00.2	DRIFTSUTGIFTER	4.224.070,30	4.224.070,30
38.00.3	RENTER OG EKSTRAORDINÆRE KOSTNADER	<u>812.920,43</u>	812.920,43
38.00.4	NYANLEGG	131.236,68	131.236,68
38.00.5	FINANSIELLE UTGIFTER	93.750,00	93.750,00
38.00.6	INNTEKTER RENOVASJON	0,00	7.083.617,53
38.00.7	REFUSJONAR OG RENTEINNTEKTER	0,00	94.494,41
38.00.8	TILSKOT	0,00	75.000,00
38.00.9	FINANSIELLE INNTEKTER	0,00	1.000.000,00
		8.584.860,19	8.253.111,94
			331.748,25
38.00.990	REKNESKAPSMESSIG UNDERSKOT 1990	0,00	331.748,25
	TOTALE UTGIFTER / INNTEKTER	8.584.860,19	8.584.860,19
			0,00
			331.748,25

**OVERSIKT OVER NYBYGG
OG NYANLEGG M.V.**

VOLDÅ / ØRSTA REINHOLDSSVERK

[År]

1990

[B]lad

Konto	Antlegg, kostnadsoverstlag, dekning	Tidligere medgått	Medgått i året	Overført ubrukta (av driftsmidler)	Til senere dekning
38.00.410	Anlegg spesialavfall	0,-	128.079,98 ✓	0,-	0,-
38.00.420	Anlegg slam	0,-	<u>3.156,70</u> ✓	0,-	0,-
		0,-	<u>131.236,68</u>	0,-	0,-
	<u>Dekning:</u>				
38.00.840	Tilskot fra Miljøverndepartementet	0,-	75.000,-	0,-	0,-
	Driftsmidlar	0,-	<u>56.236,68</u>	0,-	0,-
		0,-	<u>131.236,68</u>	0,-	0,-

ÅRSREKNEKAP 1990 FOR VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK - UTSKRIVEN 24/05/91

SIDE:

KONTO- NUMMER	REKNESKAP 1990	REVIDERT BUDSJETT	OPPHAVELEG BUDSJETT
38.00.0 LØNSUTGIFTER			
38.00.001 MØTEGODTGJERSLE	17.400,00	18.600,00	1.647.000,00
38.00.010 LØN I FASTE STILLINGAR	1.615.785,44	1.600.000,00	215.000,00
38.00.081 EKSTRAHJELP	326.957,62	305.000,00	30.000,00
38.00.082 OVERTID	87.431,95	90.000,00	
38.00.090 ARBEIDSGJEVARAVGIFT	276.161,88	280.000,00	249.792,00
38.00.091 PENSJONSUTGIFTER <i>Morfør I. kom inn</i>	44.600,50	101.000,00	132.465,00
38.00.095 SOSIALE KOSTNAADER	3.749,80	4.500,00	
	<u>2.372.087,19</u>	<u>2.399.100,00</u>	<u>2.274.257,00</u>
38.00.1 KJØP/VEDL. ANLEGG OG UTSTYR			
38.00.100 NY RENOVASJONSBIL	744.789,55	760.700,00	
38.00.110 NYANSKAFF. MASKINAR/TEKNISK UTSTYR	<u>115.672,89</u>	<u>115.700,00</u>	
38.00.151 VEDLIKEHALD ALIDA	15.857,80		
38.00.152 VEDLIKEHALD KOMPRIMATORSTASJON	51.868,28	60.000,00	
38.00.153 VEDLIKEHALD MASKINAR/UTSTYR	22.607,07	15.000,00	
ANLEGG OG UTSTYR	<u>950.795,59</u>	<u>968.400,00</u>	<u>0,00</u>
38.00.2 DRIFTSUTGIFTER			
38.00.200 KONTORUTGIFTER	52.142,12	48.000,00	10.000,00
38.00.201 GEBYRER/BETALINGSFORMIDLING	1.988,00	1.700,00	
38.00.210 LYS OG BRENSSEL	26.631,41	33.000,00	30.000,00
38.00.211 REINH.MATERIELL/LYSPERER ETC.	1.060,72	800,00	
38.00.212 REINHALD	28.191,35	29.000,00	
38.00.213 KOMMUNALE UTGIFTER	2.068,00	4.500,00	
AVGIFTER OG TRYGDER BYGG	<u>3.805,00</u>	<u>8.000,00</u>	<u>8.000,00</u>

ÅRSREKNEKAP 1990 FOR VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK - UTSKRIVEN 24/05/91

SIDE:

KONTO- NUMMER	REKNEKAP 1990	REVIDERT BUDSJETT	OPPHAVELEG BUDSJETT
38.00.226 GRUNNLEIGE FYLLPLASS ALIDA	0,00	1.000,00	650,00
38.00.230 REISE/KOST OG REPRESENTASJON	38.055,12	40.000,00	20.000,00
38.00.231 FERJEUTGIFTER	24.916,00	15.000,00	10.000,00
38.00.240 AVGIFTER/TRYGDER BILAR	71.414,00	78.000,00	75.000,00
38.00.250 DRIVSTOFF/REKVISITA BILAR	86.807,90	85.000,00	85.000,00
38.00.255 TRANSPORT GRAUTNESET	358.403,78	360.000,00	407.493,00
38.00.256 TRANSPORT AV GLAS	0,00	10.000,00	
38.00.257 TRANSPORT AV SPESIALAVFALL	0,00	0,00	
38.00.258 SPESIALAVFALL	2.036,67	0,00	
38.00.260 VEDLIKEHALD BILAR/MASKINAR	13.874,27	200.000,00	100.000,00
38.00.261 VEDLIKEHALD UE-37358 TOYOTA 77	693,94	0,00	
38.00.262 VEDLIKEHALD UE-46844 MB 78	47.841,50	0,00	
38.00.263 VEDLIKEHALD UE-46761 MB 78	115.921,48	0,00	
38.00.264 VEDLIKEHALD UE-58711 VOLVO 82	68.903,68	0,00	
38.00.265 VEDLIKEHALD UN-14905 NISSAN 84	6.304,62	0,00	
38.00.266 VEDLIKEHALD UE-73901 VOLVO 88	972,10	0,00	
38.00.267 VEDLIKEHALD UE-75576 SCANIA P93	20.624,43	0,00	
38.00.268 VEDLIKEHALD TRAKTOR 88	1.914,77	0,00	
38.00.270 VERNE- OG ARBEIDSKLÆR	16.264,18	15.000,00	15.000,00
38.00.280 GAR/ULYKKESTRYGD PERSONER	14.358,81	14.400,00	
38.00.290 ANDRE DRIFTSUTGIFTER	4.964,10	25.000,00	25.000,00
38.00.291 KURSUTGIFTER	2.000,00	2.000,00	
38.00.292 ØREAVRUNDING MVA	0,23	0,00	
38.00.293 UTGIFTER BATTERIINNSAMLING	55.519,15	55.600,00	
38.00.294 REKNEKAP/REVISJON/ADMINISTR. HJELP	123.873,00	90.000,00	30.000,00
38.00.295 INNLEIGE AV MASK/ARB.HJELP	99.039,64	100.000,00	110.000,00
38.00.296 KJØP AV SEKKAR	360.580,75	360.000,00	360.000,00
38.00.297 KJØP AV STATIV	80.450,00	130.000,00	
38.00.298 FORBRENNINGSKOSTN. GRAUTNESET	2.470.024,58	2.472.000,00	2.472.000,00
38.00.299 BEDRIFTSHELSETENSTA	22.425,00	14.950,00	
DRIFTSUTGIFTER			
	4.224.070,30	4.192.950,00	3.758.143,00

ÅRSREKNEKAP 1990 FOR VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK - UTSKRIVEN 24/05/91

SIDE:

KONTO-		REKNEKAP 1990	REVIDERT BUDSJETT	OPPHAVELEG BUDSJETT
NUMMER				
38.00.3	RENTER OG EKSTRAORDINÆRE KOSTNADER			
38.00.340	SKADESERSTATNING	11.469,50	11.500,00	
38.00.380	RENTER/PROVISJON KASSAKREDITT	45.587,50	75.000,00	30.000,00
38.00.381	PÅ LÅN ANLEGG	640.852,24	600.000,00	440.000,00
38.00.382	RENTER PÅ LÅN BILKJØP	113.726,00	90.000,00	
38.00.389	YMSE RENTER/MORARENTER	1.285,19	0,00	
	RENTER / EKSTRAORD.KOSTN	812.920,43	776.500,00	470.000,00
	SUM UTGIFTER DRIFT IALT	<u>8.359.873,51</u>	<u>8.336.950,00</u>	<u>6.502.400,00</u>
38.00.4	NYANLEGG			
38.00.401	KOMPRIMATORSTASJON HOVDEBYGDA	0,00	4.000,00	
38.00.410	ANLEGG SPESIALAVFALL	128.079,98	128.000,00	
38.00.420	ANLEGG SLAM	3.156,70	0,00	
	NYANLEGG	<u>131.236,68</u>	<u>132.000,00</u>	<u>0,00</u>
38.00.5	FINANSIELLE UTGIFTER			
38.00.580	AVDRAG FASTE	<u>0,00</u>	<u>0,00</u>	<u>270.000,00</u>
38.00.582	AVDRAG LÅN BIL	<u>93.750,00</u>	<u>93.750,00</u>	<u>270.000,00</u>
	FINANSIELLE UTGIFTER	<u>93.750,00</u>	<u>93.750,00</u>	<u>270.000,00</u>
38.00.590	BUDSJETTERT OVERSKOT DRIFT 1990	<u>0,00</u>	<u>24.200,00</u>	<u>0,00</u>
	SUM UTGIFTER IALT	<u>8.584.860,19</u>	<u>8.586.900,00</u>	<u>6.772.400,00</u>

ÅRSREKNESKAP 1990 FOR VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK - UTSKRIVEN 24/05/91

SIDE:

KONTO- NUMMER	REKNESKAP 1990	REVIDERT BUDSJETT	OPPHAVELEG BUDSJETT
38.00.6 INNTEKTER RENOVASJON			
38.00.600 SAL AV SEKKAR VOLDA	33.247,00	- 2.150,00	30.000,00
38.00.601 SAL AV SEKKAR ØRSTA	17.512,00	0,00	
38.00.602 SAL AV STATIV	97.500,00	156.000,00	
38.00.610 RENOV.AVG. STATIV VOLDA	2.488.737,56	2.583.167,00	5.392.400,00
38.00.611 RENOV.AVG. STATIV ØRSTA	2.902.475,81	2.861.083,00	
38.00.620 AVGIFT FORRETN.AVFALL VOLDA	952.542,46	1.065.000,00	
38.00.621 AVGIFT FORRETN.AVFALL ØRSTA	582.290,22	725.000,00	1.210.000,00
38.00.670 ANDRE INNTEKTER	9.312,48	9.300,00	140.000,00
SUM INNTEKTER RENOVASJON	7.083.617,53	7.397.400,00	6.772.400,00
38.00.7 REFUSJONAR OG RENTEINNTEKTER			
38.00.700 REFUNDERTE SJUKEPENGAR	61.897,00	35.000,00	
38.00.701 REFUNDERT FOR 5. FERIEVEKE	16.423,31	4.500,00	
38.00.780 RENTEINNTEKTER FRÅ BANK	16.174,10	0,00	
SUM REFUSJONAR OG RENTEINNTEKTER	94.494,41	39.500,00	0,00
38.00.8 TILSKOT			
38.00.840 TILSKOT TIL NYANLEGG	75.000,00 ✓	75.000,00	0,00
38.00.9 FINANSIELLE INNTEKTER			
38.00.982 LÅN BOLIG- OG NÆRINGSKREDITT	1.000.000,00	1.000.000,00	
38.00.985 LÅN KOMMUNALBANKEN	0,00	75.000,00	
SUM FINANSIELLE INNTEKTER	1.000.000,00	1.075.000,00	0,00
38.00.990 REKNEKAPSMESSIG UNDERSKOT 1990	331.748,25	0,00	0,00
SUM INNTEKTER IALT	8.584.860,19	8.586.900,00	6.772.400,00

ÅRSREKENESKAP 1990 BALANSE FOR VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK - UTSKRIVEN 24/05/91

SIDE:

KONTO	SPESIAL-	HOVED-
NUMMER	SUMMER	SUMMER

AKTIVA

FINANSIELLE AKTIVA		
<u>38.70.600</u>	KREDITKASSEN 09.75561	96.589,84 ✓
	UNDERKAPITLETS SUM	
		<u>96.589,84</u>
	FORDRINGAR	
38.74.400	DEBITORAR	21.750,00
38.74.410	VOLDA KOMMUNE	572.888,50-
38.74.420	ØRSTA KOMMUNE	170.733,44
	UNDERKAPITLETS SUM	
		<u>380.405,06-</u>
	BEHALDNINGAR	
<u>38.78.100</u>	BEHALDNING AV STATIV	22.690,00
	UNDERKAPITLETS SUM	
		<u>22.690,00</u>
	ANLEGG OG ANLEGGSMIDDEL	
38.78.200	TRANSPORTUTSTYR	1.376.994,40 ✓
38.78.400	KOMPRIMATORSTASJON	4.744.953,71 ✓
38.78.410	ANLEGG SPESIALAVFALL	128.079,98 ✓
38.78.420	ANLEGG SLAMBEHANDLING	3.156,70 ✓
	UNDERKAPITLETS SUM	
		<u>6.253.184,79</u>
	UNDERSKOT	
38.79.800	ÅRETS REKNESKAPSMESSIGE UNDERSKOT	331.748,25
38.79.801	TIDLEGARE ÅRS UNDERSKOT	22.614,54
	UNDERKAPITLETS SUM	
		<u>354.362,79</u>
	SUM AKTIVA	
		<u>6.346.422,36</u>

ÅRSREKNEKAP 1990 BALANSE FOR VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK - UTSKRIVEN 24/05/91

SIDE:

KONTO - NUMMER	PASSIVA	SPESIAL - SUMMER	HOVED - SUMMER
VAREGJELD			
38.83.400	LEVERANDØRAR UBET. 31/12	1.468,50	
38.83.410	KOSTN. KOMPRIMATORSTASJON UBET. 31/12	22.681,87	
	UNDERKAPITLETS SUM	24.150,37	
LÅN			
38.83.603	REALKREDITT 095924	1.400.000,00	
38.83.604	BOLIG-/NERINGSKREDITT 505351	609.375,00	
38.83.605	NORGES KOMM. BANK 75.82001	2.200.000,00	
38.83.606	BOLIG-/NERINGSKREDITT 510726	1.000.000,00	
	UNDERKAPITLETS SUM	5.209.375,00	
ANNA GJELD			
38.84.001	SKATTETREKK	89.585,00	
38.84.003	PENSJONSTREKK	8.692,95	
38.84.005	KOU-TREKK	896,21	
38.84.210	SKYLDIG ARBEIDSJEVARA AVG. FOLKETRYGDA	50.002,63	
38.84.223	OPPGJERSKONTO MEIRVERDIAVGIFT	217.439,00	
38.84.360	KREDITKASSEN 05.03821	297.528,59- V	
	UNDERKAPITLETS SUM	69.087,20	
KAPITAL			
38.89.900	KAPITALKONTO	1.043.809,79	
	UNDERKAPITLETS SUM	1.043.809,79	
	SUM PASSIVA	6.346.422,36	
	NETTO	0,00	

Oversikt over samla lånepottek og avdrag på gjeld for Volda / Ørsta Reinhaldsverk

I ÅRET OG LANEGJELD VED UTGANGEN AV ÅRET

	Lån nr.	88.19082	505351	75.82.001	510726	1990
Kontonummer	38.83.603	38.83.604	38.83.605	38.83.605	38.83.606	
Långiver	Realkreditt	Bolig & Næringskreditt	Norges Komm. bank	Bolig & Næringskreditt		
Lånetets formål	Omlastningsstasjon	Innsamlingsbil	Omlastningsstasjon	Innsamlingsbil o.a.		
Låneform						
Lånet opptatt (dato)	22.02.1989	28.04.1989	25.05.1989	23.10.1990		
Opprinnelig størrelse (kr) ..	1.400.000,-	750.000,-	2.200.000,-	1.000.00,-		
Rentefot (%)	12,75%	12,55%	11,5%	11,6%		
Konvertibelt fra (dato)						
Lånetets løpetid	20 år	8 år	20 år	8 år		
Siste avdrag (år)	2009	1997	2009	1998		
Kontraktmessig avdrag i året (kr)		93.750,-				
Nye lån tatt opp i regnskapsåret (kr)				1.000.000,-	- 1.000.000,-	
Avdrag utgiftsført i regnskapsåret (kr)		93.750,-			- 93.750,-	
Renter utgiftsført i regnskapsåret (kr)	307.311,-	89.226,-	253.000,-	24.500,-		
Oppkjøpte obligasjoner for senere terminer (kr)						
Avdragsrestanser (kr)						
Virkelig gjeld (kr)	1.400.000,-	609.375,-	2.200.000,-	1.000.000,-	- 5.209.375,-	
Renterestanser (kr)						
Merknader						